

Årsmøte i Odda Mållag sundag 20.02.22 kl. 18.00 i Ungdomshallen i Odda

Det var 17 frammøtte.

Leiar Knut O. Dale ønska velkomen og leia møtet under sak 1.
Møteinnkallinga var - saman med årsmeldinga - sendt ut til medlemene som e-post og i brev,
og kunngjort i pressa med slik sakliste:

- 1. Godkjenning av innkalling og sakliste.**
- 2. Val av ordstyrar, skrivar og protokollunderskrivarar.**
- 3. Godkjenning av årsmeldinga for 2021.**
- 4. Godkjenning av rekneskapen for 2021.** Rekneskapen vart lagd fram i møtet.
- 5. Val av styre.**
- 6. Val av valnemnd.**
- 7. Val av revisor.**
- 8. Val av utsendingar til årsmøtet i Hordaland Mållag.**
- 9. Målprisen 2021**

Sak 1. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste. Møtet er med det formelt godkjent som årsmøte i laget .

Sak 2. Val av ordstyrar, skrivar og protokollunderskrivarar.

Knut Dale føreslo Terje Kollbotn som ordstyrar. Han vart samråystes vald og tok over møtestyringa. Han opplyste at sak 8 må få det tillegget at det og skal veljast utsendingar til årsmøtet i Noregs mållag 1.- 3. april på Gardermoen. Ingen sa imot slik endring av saklista. Harald Jordal vart vald til møteskrivar, og Kjell Arne Tokheim og Vigdis Marie Knutsen vart valde til protokollunderskrivarar.

Sak 3. Godkjenning av årsmeldinga for 2021.

Møteleiar Terje Kollbotn føreslo; Då årsmeldinga var distribuert til medlemene, vert den ikkje lesen opp i møtet. Ingen sa imot.

Knut Dale varden om å greia kort ut om dei viktigaste punkta, noko han og gjorde. Deretter vart meldinga teken opp punkt for punkt til kommentar eller framlegg til endringar/rettingar. Ingen sette fram tillegg eller strykingar i årsmeldinga.

Til slutt var ordet fritt til debatt/framlegg til endringar utan at det kom konkrete framlegg.

Med det er styret sitt framlegg til årsmelding for 2021 samråystes vedteken som utsendt.

Sak 4. Godkjenning av rekneskapen for 2021. Rekneskapen vart lagd fram i møtet.

Kasserar Håkon Tverdal las revisorrapporten frå Dagmar Lien Isdal og opplyste m.a. at det er Marit Bleie Mannsåker som har ført rekneskapen. Revisor tilrår rekneskapen vedteken som framlagt.

Håkon Tverdal gjekk kort gjennom rekneskapen. Laget har eit driftsoverskot på over kr 45.000,- og at laget disponerer likvide midlar på kr 352.000,- Dette er mogeleg sjølv med betydelege utgifter takka vera inntektene frå Odda i manns minne utgjevingane. Han opplyste og i ordskiftet etter presentasjonen at laget heller ikkje tek inn medlemskontingent til seg sjølv.

Framlagt rekneskap vart samrøystes vedteke godkjent.

19.00 - 19.20 Pause i møtet med kaffi og kaker med Solveig som krumtapp.

Sak 5. Val av styre.

Valnemnda -Tommy Tverdal, Gudrun Eimstad og Sigrid E. Lerbak- la fram slikt framlegg.

Knut O. Dale, leiar - attval for 1 år

Harry Solberg - attval for 2 år

Solveig Grønlien - attval for 2 år

Harald Jordal - ikkje på val

Håkon Tverdal - ikkje på val

Varamedlemer

Ingvild Jøsendal - attval 1 år

Sigrid Espeland Lerbak - attval 1 år

Ragnhild Helle - ny 1 år

Revisor : Dagmar Lien Isdal - attval 1 år

Styret

Håkon Tverdal føreslo Sigrid Espeland Lerbak som ny leiar.

Sigrid ba om skriftleg votering.

Kollbotn opplyste at det var tilstrekkeleg med at 1 person ba om dette.

Slikt teljekorps vart sett ned: Tommy Tverdal, Harry Solberg og Turid A. Solberg.

Det var 17 til stades i møtet under voteringa.

Oppteljinga viste slikt resultat :

Blanke 0, Sigrid 9 røyster og Knut 8 røyster

Med det er Sigrid E. Lerbak leiar i laget i 2022.

Harry og Solveig vart samrøystes attvalde for 2 år.

Varamedlemer

Harald Jordal føreslo Knut O. Dale som 1. varamedlem i staden for Ingild Jøsendal

Harald sitt forslag vart vedteke med 13 mot 4 røyster gitt for Ingild Jøsendal

Ingild Jøsendal og Ragnhild Helle vart samrøystes valde som 2. og 3. varamedlem.

Styret i 2022 er:

Leiar Sigrid E. Lerbak - 1 år

Harry Solberg - attval for 2 år

Solveig Grønlien - attval for 2 år

Harald Jordal - 1 år att

Håkon Tverdal - 1 år att

Varamedlemer

1. Knut O. Dale - 1 år
2. Ingvild Jøsendal - 1 år
3. Ragnhild Helle - 1 år

Sak 6. Val av valnemnd.

Knut fremja slik valnemnd på vegne av det utgående styre:

Gudrun Eimstad, Tommy Tverdal og Siri Jordal

Siri Jordal kallar inn valnemnda.

Valnemnda konstituerer seg sjølv og vel leiар på 1.ste møte.

Knut sitt framlegg vart samr. vedteke

Sak 7. Val av revisor.

Innstilling frå valnemnda; Dagmar Lien Isdal vert attvald som revisor for 1 år

Valnemnda sitt framlegg vart samr. vedteke

Sak 8. Val av utsendingar til årsmøtet i Hordaland Mållag og Noregs Mållag.

Desse vart samr. valde som utsendingar til årsmøtet i Hordaland Mållag 5.-6. mars i Norheimsund

1. Sigrid E. Lerbak
2. Håkon Tverdal
3. Tommy Tverdal
4. Harald Jordal .

Vara

Terje Kollbotn

Vidare vart det fatta slikt samr. vedtak: Styret kan føreta suppleringsval.

Desse vart samr. valde som utsendingar til årsmøtet i Noregs Mållag 1.- 3. april på Gardermoen:

1. Knut O. Dale
2. Sigrid E. Lerbak
3. Harald Jordal
4. Solveig Grønlien*

Vara:

1. Ingvild Jøsendal
2. Øystein Kambestad

Vidare vart det fatta slikt samr. vedtak: Styret kan føreta suppleringsval.

* Etter møtet vart det klargjort at Odda mållag har 3 utsendingar til landsmøtet og ikkje 4. Solveig Grønlien vert i praksis då første vara. Dersom Solveig vert vald som utsending frå Hordaland Mållag vert Ingvild 1. vara og Øystein 2. vara.

Sak 9. Målprisen 2021

Harald Jordal las opp grunngevinga for styret si tilråding om å gje målprisen for 2021 til Kristen D. Eitrheim for arbeidet hans med og for målsaka.

Samrøystes vedtak:

Kristen D. Eitrheim vert tildelt målprisen for 2021 med opplesen grunngeving. Tildelinga er offentleg og målprisen vert overrekt på eit offentleg arrangement i 2022 i regi av Odda Mållag.

Terje Kollbotn takka av som møteleiar.

Sigrid E. Lerbak takka for tilliten som nyvald leiar.


Møtet formelt slutt kl 20.05

Harald Jordal

Møteskrivar

Vi stadfestar med dette innhaldet i protokollen

Odda 1. mars 2022



Kjell Arne Tokheim



Vigdis Marie Knudsen

Berit Ruland Fosse las to dikt til ettertanke.

Terje Kollbotn orienterte om arbeidet med målsaka i Vestland fylke.

År 2021, som er det første året for den nye fylkeskommunen, har vore eit godt år for målsaka. Vi har framleis ein jobb å gjera, og målpolitiske saker må følgjast opp.

Framlegg til ny opplæringslov er ikkje vedteke. Oddamodellen er med i framlegget, noko som i seg sjølv er ein siger. Opplæringskomiteen er leia av Hege Bae Nyholt som er stortingsrepresentant for Raudt. Odda Mållag, Hordaland Mållag og Noregs Mållag må vera på banen, ikkje minst i høyringsrunden, og vi må "henga på heilt ut" i prosessen.

Vestland fylke sitt hovudutval for opplæring og kompetanse har bede fylkesdirektøren setja i gang arbeidet med målbruksplan og viste elles til det som er teke inn i årsmeldinga til Odda mållag 2021 på side 6 om lærermiddel.

I fylkeskommunen sine langsiktige plandokument som Strategisk Næringsplan må nynorsk vera eit element.

Utval kultur, idrett og integrering i Vestland vil og drøfta og synleggjera nynorsk som ein strategisk ressurs og ein viktig identitetmarkør.

Steg 1 er møte med Hordaland Mållag.

Steg 2 utvalsmøte i Odda 27. - 28. april der det vert opna for innspel frå Odda mållag.

HJ.